


Kom og ver med på salmekveld i kyrkja, måndag kl. 19.

18.02.2018



Soknerådet inviterer til salmekveld, i morgon måndag kl. 19

**Soknerådet i Uskedalen inviterer til salmekveld i kyrkja måndag 19. februar kl. 19. Salmene er henta frå Norsk salmebok 2013, frå dei bolkane som har tema: Forvaltaransvaret, rettferd og fred, årsskifte og kveld. Kyrkjekoret Nordsang syng til opning og det vert soloinnslag ved kantor Eva Megyesi.**

På salmekvelden vert det lese utdrag frå forfattar Alfred Hauge sitt dikt Det evige sekund, frå det som vart kalla tusenårsdiktet Ei bøn for år 2000. Det er lagt opp til at kyrkjelyden syng 10 utvalde salmar frå den nye salmeboka. Nokre er nye, men dei fleste var faktisk med i Salmeboka frå 1985. Til salmen På veiene ute i verden skal Sigrun Heen ha ord til ettertanke.

Erik Bye sin tekst Blå salme kom med i salmeboka. Dette hadde seg slik at dei fyrste versa vart skrivne alt i 1994. Produsenten Erik Hillestad ville ha teksten med på ei plate, men då som salme. Dermed skreiv Erik Bye eit 3. vers der den teologiske budskapet kjem klart fram.

Elles vil ein syngja to salmar med tekst av Edvard Hoem og ikkje minst salmen Noen må våke i verdens natt med tekst av Svein Ellingsen og melodi av Trond Kvernmo.

Soknerådet vonar på godt frammøte. Kom og ver med og gjer deg kjend i den rike salmeskatten som vi finn i den nye salmeboka.



Kantor Eva Megyesi er ein av fleire som skal ha innslag.